



**Ein trygg og
inkluderande kommune**



Karen Hognestad Liland, 1978, Lærer

Me må prioritera grunnskulen
og bruka dei midla me treng for
at dette skal vera ein trygg og
inkluderande læringsinstitusjon

Vår ordførarkandidat

KAREN HOGNESTAD LILAND, ORDFØRARKANDIDAT FOR TIME ARBEIDARPARTI 2023-2027

Først av alt vil eg takke for tilliten til å vere Time Arbeidarparti sin ordførarkandidat.

Eg innrømmer at eg gjekk fleire rundar med meg sjølv før eg sa ja. Dei siste fire åra har eg vore fast representant i utval for levekår og 1. vara til kommunestyret. Først spurte eg dei to eldste ungane mine. Dei syntes at eg burde seie ja, og mannen min er på glid. Når eg nå har vendt meg til tanken om at eg faktisk er ordførarkandidaten til Time Arbeidarparti, er eg både kry og av og til litt overvelda. Det er mykje nytt og det einaste eg kan gjere framover er å lære mykje, lytte til dei erfarne og vinne over sommarfuglane i magen.

Kvifor valde eg å bli med i politikken?

Eg kjem frå ein familie med sterkt engasjement. Det er høgt under taket og mange diskusjonar rundt middagsbordet. Eg har alltid meint mykje og fulgt med i politiske saker, særleg dei som berører meg i livet, som er ganske mange etterkvart.

Studietida mi hadde eg i Kristiansand. Det siste året fekk me vårt første barn før me flytta heim og skulle kjøpe vår første bustad.

Eg hadde sommarjobb i eldreomsorga medan eg studerte, og prøvde meg som nattevakt, hjemmehjelp og personleg assistent. Det gav meg ei innsikt eg ikkje ville vore utan.

Jobben min som lærar på Bryne ungdomsskule trivst eg godt i. Det å vere med å sosialisere ungdommane er utfordrande og gildt.

Eg er med i 8. mars komiteen på Bryne som er ein tverrpolitisk gjeng som har blåst liv i markeringa/ arrangementet og prøver å heie jenter og damer fram.

Som mor til fire ungar har eg blitt kjent med idrettslag, ulike basseng gjennom symjeklubben, kulturskulen, ulike kontigenter, inkluderingsformer, breddeidrett vs topping og alt anna som ein blir involvert i når ein får ungar.

Me har overteke ein gard på Hognestad og leiger ut jorda til ein nabo. Her har eg vore med bygda å kjempa for nærskulen og vil fortsetje med bygdeutvikling. Det er ikkje lett å halde liv i distrikta om ein ikkje kan utvikle og tenke kreativt slik at folk kan bu der. Arbeidarpartiet står for by og land hand i hand, det må og praktiserast!

Alt dette og mykje meir gjer at eg blir politisk engasjert. Det er iallfall det luraste ein kan gjere om ein vil ha ein stemme i debatten. I alle stadium i livet treng me velfungerande kommunar med gode offentlege tilbod. Det skal ikkje vere forskjell i tilboda ein får etter storleiken på lommeboka.

Det at me treff folk frå ulike kulturar, med ulike religionar og ulik sosial bakgrunn frå barnehagen av og ut livet er noko av det finaste me har i Noreg, og er nok det som gjer at me har eit av verdas beste land å bu i.

Så la oss endeleg håpe at me og vårt parti kan vere med å oppretthalde den viktige sosialdemokratiske politikken vidare.

Time kommune skal vere ein stad kor innbyggjarar blir lytta til og kjenner seg verdsette.

Les programmet og stem på Time Arbeidarparti i september. Meld deg gjerne inn og delta aktivt i debatten om korleis kommunen bør bli styrt.

Godt val!





Arbeida løysningsorientert for å sikra likebehandling i sakshandsaming

Barnehage, skule og familie

Alle barn har rett til ein god start i livet. Barndommen legg grunnlaget for korleis livet skal utvikla seg gjennom ungdoms- og vaksenlivet.

Time kommune er ein god kommune å veksa opp i med god kvalitet både i barnehagane og i skulane. Time Arbeidarparti vil arbeida for å auka driftsmidlane til skulen, for å behalda kvalifiserte lærarar og sikra bemanningsnormen i barnehagane.

Men også i vår kommune er det barn som treng ekstra hjelp for å takla kvardagen. Time Arbeidarparti vil arbeida for at barn og unge med spesielle utfordringar behov får tidleg hjelp.

Etter forslag frå Time Arbeidarparti har kommunestyret vedteke at det skal opprettast ein ATO-avdeling (alternativ tilpassa opplæring)

Time Arbeidarparti vil:

- Arbeida for tidleg innsats for barn og unge med spesielle behov og utfordringar
- Arbeida for to barnehageopptak i året
- Arbeida for gratis SFO for 1. og 2. trinn
- Arbeida for søskenmoderasjon i SFO og barnehage
- Arbeida for å behalda kvalifiserte lærarar
- Arbeida for at ATO avdeling er ferdig i 2024
- Arbeida for å auka driftsmidlar til skulane
- Arbeida for nok midlar til å sikra at bemanningsnormen i barnhagen blir oppfylt
- Styrka fellesskulen og seie nei til nye kommersielle privatskular
- Arbeida for å innføra eit sunt skulemåltid kvar dag
- Oppretthalda den gode dekninga av helsetenestane i skulen
- Sikra at alle elevar får lovpålagt symjeopplæring
- Oppretthalda drifta av Hognestad skule
- Jordbruket si rolle skal verte kommunisert i barnehage og skule
- Arbeida for å styrka fagmiljøa mellom anna gjennom interkommunalt samarbeid
- Arbeida for å sikra bemanning og kompetanse i barnevernet
- Arbeida for å oppretthalda ein god helsestasjon
- Arbeida for målretta arbeid mot mobbing i barnehage og skule
- Arbeida for å få til skulekino ein gong i året

3.

Bu- og nærmiljø

Kommunen har eit hovudansvar for å sikra gode bu- og nærmiljøkvalitetar for innbyggjarane som samfunnsutviklar, tenesteytar, og ansvar for planar og reguleringar.

Time Arbeidarparti vil arbeida for at det er tilgang på tomter til bustad og næring i tettstadene i kommunen.

Med over 7000 kjøretøy kvart døgn er Kvernaland i ferd med å verta kvelt av trafikk. Time Arbeidarparti vil arbeida for og støtta tiltak som kan redusera trafikken på fv. 505 gjennom Kvernaland. Time Arbeidarparti vil også arbeida for at det blir utarbeidd ein sentrumsplan for Kvernaland.

Time Arbeidarparti vil:

- Arbeida for ein kommune der respekt, toleranse, samhald og inkludering er framtrekande verdiar
- Legga til rette for trivelege møteplassar for alle generasjonar
- Arbeida for og støtta tiltak som kan redusera trafikken på fv 505 gjennom Kvernaland
- Arbeida for tomter til bustad og næring på Bryne, Kvernaland og elles i kommunen
- Vidareutvikla Lye som byggjefelt med vegar, leikeplassar, møtestader etc.
- Arbeida for å utvikla ny sentrumsplan på Kvernaland i dialog med innbyggjarane der
- Arbeida for å tryggja skulevegane i kommunen
- Tilby startlån til førstegongs-etablerarar i heile kommunen
- Arbeida for at det blir oppretta lokale fedre-nettverk og mødrenettverk for foreldre som har minoritetsbakgrunn for å løfta ressursane hos foreldre med minoritetsbakgrunn. Bruka nettverk for å organisera foreldre/barn aktivitetar, turar, kurs og kompetanseheving
- Arbeida for å få tilgang til parsellhage som kan brukast til matdyrking, og som treffpunkt og aktivitet på tvers av grupper og aldar
- Arbeida for å få fleire med innvandrarbakgrunn inn i politikken
- Arbeida for tilfredsstillande toalettløsningar i Bryne sentrum
- Arbeida for å vidareutvikla jernbanestasjonen på Bryne slik at det skal opplevast trygt å reisa med tog



Arbeida for å vidareutvikla helse og omsorgstenestene slik at både brukarar, pårørande og tilsette får ein betre kvardag

Like viktig for eit godt bu- og nærmiljø er det sosiale. Time Arbeidarparti vil at Time skal vera ein kommune der respekt, toleranse, samhald og inkludering er framtrekande verdiar.

Gode og varierte tilbod er viktig for trivselen og Time Arbeidarparti vil arbeida for trivelege møtestader for alle i alle delar av kommunen. Det er ulike kulturar og bakgrunn hos innbyggjarane i Time. Det er viktig at alle kjenner seg heime i kommunen. Time Arbeidarparti vil arbeida for at det blir oppretta lokale fedre-nettverk og mødrenettverk for foreldre som har minoritetsbakgrunn.

Helse og velferd

Alle har ein verdi i samfunnet.

Eg ønskjer å betre kollektivtrafikken til bygdene og fleire varig tilrettelagde arbeidsplassar

Time Arbeidarparti ønskjer at alle skal få oppleve at dei er viktige i samfunnet og at dei kan bidra på ein eller annan måte. Vårt mål er eit samfunn som fremjar god helse for alle, førebygg sjukdom og gir alle barn og unge ein god start i livet.

Behovet for tenester innanfor helse- og omsorgssektoren vil auka i tida framover.

Time Arbeidarparti vil arbeida for at kommunen har ressursar til å byggja opp tenester i tråd med behovet. Me vil også arbeida for å utvikla gode og berekraftige helse- og omsorgstenester for framtida.

Kvaliteten på tenestane skal vera høge. Time Arbeidarparti vil arbeida for å styrka fagmiljøa mellom anna gjennom interkommunalt samarbeid.

Eldre skal få bu heime så lenge det er mogleg. Time Arbeidarparti vil arbeida for å styrka dei lågaste trinna i omsorgstrappa mellom anna gjennom gode heimetenester. Time Arbeidarparti vil også arbeida for å utvida kapasiteten og opningstidene ved dag- og aktivitetssentra.

Time Arbeidarparti vil:

- Arbeida for å styrka fagmiljøa mellom anna gjennom interkommunalt samarbeid
- Arbeida for å utvida kapasiteten og opnings tidene ved dag- og aktivitetssentra
- Arbeida for at heiltidsstillingar skal vera regelen innan helse og velferd
- Arbeida for å styrka det psykiske helse- tilbodet, særleg for ungdom
- Arbeida for å sikra førebygging og tidleg innsats
- Arbeida for å styrka dei lågaste trinna i omsorgstrappa for å kunna bu heime så lenge som mogleg
- Arbeida for at eldre har sosiale møteplassar og har tilhøyre i lokalmiljøet
- Gje tilskot til organisasjonar som har aktivitetar for eldre
- Arbeida for transport til frivillighetssentralen, skular, barnehagar og andre tenester/aktivitetstilbod, til dømes ved innkjøp av minibuss.
- Arbeida for å auka grunnbemanninga, utvikla gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester for framtida sett i forhold til mangel på personell og demografiutviklinga
- Arbeida for å gje best mogleg kvalitet i tenester som me leverer
- Arbeida for å modernisera pasientjournalssystema og sikra at helsepersonell i primærhelsetenesta har tilgang til nødvendig helseinformasjon om den enkelte brukar/pasient
- Stimulera til målretta aktivitet mot ungdom og unge vaksne når det gjeld arbeid og kompetanse i arbeidslivet.
- Arbeida for ei tilfredstillande fastlegeordning

5.

Næringsliv og arbeidsplassar

Det er viktig både for samfunnet og for kvart menneske å ha eit arbeid.

For Time Arbeidarparti er arbeid til alle ei hovudsak.

Time Arbeidarparti vil leggja til rette for at me har gode og trygge arbeidsplassar i kommunen. Det er viktig at næringslivet har gode vilkår og at kommunen er forutsigbar. Time Arbeidarparti vil arbeida for at bedrifter og anna næring i større grad vert involvert i utarbeiding av reguleringssplanar.

Kommunegrenser er ikkje viktige for næringsliv som vil etablera seg på Jæren. Time Arbeidarparti vil arbeida for at kommunane Time, Klepp og Hå vert sett på som ei eining når nye nærings-



Time kommune skal være for alle

område skal utviklast. Time Arbeidarparti vil også arbeida for ein felles næringssjef for dei tre kommunane.

Kommunen har eit særskilt ansvar for å ta inn lærlingar og hjelpa unge inn i arbeidslivet. Time Arbeidarparti vil arbeida for at kommunen skal ha minst to lærlingar per tusen innbyggjarar, og at lærlingar som tar fagbrev kan få tilbod om arbeid i kommunen.

Time Arbeidarparti vil:

- Arbeid til alle er Time Arbeiderparti si hovudsak.
- Arbeida aktivt for å betra vilkåra for næring i Time og på Jæren.
- Arbeida målretta for betre forutsigbarhet for næringslivet
- Arbeida for at bedrifter/næring i større grad vert involvert i utarbeiding av nye reguleringsplanar og retningslinjer for næringslivet.
- Sjå jærkommunane Time, Klepp og Hå som ei eining ved utvikling av nye næringsområde og når næring ønskjer å etablera seg på Jæren.
- Arbeida for ein felles næringssjef for jærkommunane (Time, Klepp og Hå)
- Arbeida for at kommunen er ein god arbeidsplass for alle arbeidstakarar og gjennom det sikre gode tenesteleveransar til alle innbyggjarar i Time kommune.
- Arbeida for at lærlingar som tek fagbrev får tilbod om arbeid i kommunen etter ferdig utdanning.
- Arbeida for at kommunen skal ha minst to lærlingar per tusen innbyggjarar.
- Arbeida for at kommunen i størst mogleg grad bruker lokale bedrifter og tenester
- Seia nei til privatisering og konkurranseutsetting av kommunale kjerneoppgåver.
- Motarbeida sosial dumping og arbeidslivskriminalitet ved å sikra eit trygt og organisert arbeidsliv i samarbeid med fagforeningane.
- Arbeida for at kommunen stiller krav til tariffavtale i alle bygge- og anleggsprosjekt
- Bidra til vekst og utvikling i framtidsretta næringsområde

Miljø og klima

Menneskeskapte klimaendringar og global oppvarming er den mest alvorlige trusselen mot livsgrunnlaget på jorda. Time Arbeiderparti meiner klima og miljø må vera i fokus i alle vedtak med FN sine berekraftsmål som overordna føringar.

I 2020 var klimautsleppa i Time kommune ca. 87 900 tonn CO2 ekvivalentar. Klimaplanen for Time kommune legg opp til ein reduksjon av klimagassutslepp på 55 % fram til 2030 i forhold til utslepp i 2015. Men då er biologisk utslepp frå jordbruket ikkje tatt med. Dette utgjer 66 prosent av det totale klimautsleppet i kommunen, slik at reduksjonen av klimautslepp totalt blir i underkant av 20 %. Time Arbeiderparti synest dette er for lite ambisiøst og vil arbeida for at klimautslepp i kommunen ver redusert med 25 % i 2030 i forhold til 2015.

15 % av klimautsleppa i Time kjem frå vegtrafikk. For å redusera dette vil Time Arbeiderparti arbeida for at det blir lagt til rette for auke i sykkelbruk og at fleire nyttar seg av kollektiv transport.

Time Arbeiderparti vil:

- Arbeida for at klimagassutsleppa i kommunen vert redusert med 25% innan 2030 i forhold til 2015
- Arbeida for større fokus på klimarekneskap i kommunen
- Arbeida for at kommunen har auka fokus på klima og miljø i bygge- og anleggsprosjekt.
- Arbeida for at alle kommunale anlegg blir utsleppsfrie
- Stimulera næringslivet, kommuneorganisasjonen, innbyggjarar og frivillige lag og organisasjonar til å bidra til ei klimavennleg utvikling
- Stimulera næringslivet til å skapa nye grøne arbeidsplassar i kommunen
- Auka lokal energiproduksjon knytt til kommunale bygg, inkludert sol og grunnvarme
- Stimulera til auke i lokal energiproduksjon i kommunen med samarbeid, tilrettelegging og deling av informasjon.
- Arbeida for at kommunen bare brukar nullutsleppskøyretøy
- Setta i verk tiltak for å handtera klimaendringane
- Arbeida for at fleire tilsette i kommunen tek i bruk miljøvennleg transport til og frå jobb og i jobbreiser.
- Gjera det lettare å gå, sykla, reisa kollektivt og køyra utsleppsfritt. Legga til rette for auka sykkelbruk gjennom kartlegging og utbetring av sykkelnettet med meir og arbeida for samanhengande sykkelstiar i kommunen
- Arbeida for betre transportplanlegging og parkeringspolitikk for å redusera klimagassutslepp
- Arbeida for fleire ladestasjonar for el-bilar
- Legga til rette for ei samfunnsutvikling som skapar minst mogleg transportbehov gjennom å ha gode lokale fritids- og naturtilbod og korte avstandar mellom bustad, arbeid og fritid.
- Arbeida for ei betring av busstilbodet i kommunen - betre kollektivtransport - hent meg - ordning
- Ta vare på naturlege vassvegar som opne bekkar og elvar, og sikra blågrøne område i tettstadane
- Ta vare på naturmangfaldet. Ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
- Arbeida for at dyrka jord vert spreia med miljøvennleg gjødselspeing
- Arbeida for at all landbruksplast vert samla inn til gjenvinning.
- Arbeida for å redusera matsvinn
- Reparera og kontinuerleg vedlikehalda det ein har av bygningsmasse

Kultur og idrett

Time kommune har eit svært rikt idretts- og kulturliv. Det er ca. 30 idrettslag i kommunen med eit mangfald av tilbod. Mange av dei har eigne anlegg både til utandørs- og innandørsidrett.

Det er kostbart å driva eigne anlegg, og Time Arbeidarparti vil arbeida for å auka støtta til private idrettsanlegg.

Når Bryne Storhall snart står ferdig, er Time kommune godt forspent med fleirbrukshallar. Ny niarbane i tilknyttiing til hallen vil bidra til å avhjelpa behovet for fleire speleflatar for fotball. Time Arbeidarparti vil derfor prioritera ny symjehall i komande periode. Den har stadig vorte utsett og behovet for ny symjehall har blitt meir og meir prekært. Time Arbeidarparti vil arbeida for at den står ferdig i løpet av perioden.

Det er viktig at så mange som mogleg tar del i organisert idrett. Time Arbeidarparti vil arbeida for støtteordningar til barn og unge frå lågtlønnsfamiliar.

Samtidig er toppidrett ein magnet til rekruttering til idretten. Toppidrettsutøvarar er også ein svært god reklame for kommunen. Time Arbeidarparti vil derfor halda fram med profileringstilskot til toppidrettsutøvarar.

Bryne stadion er svært sliten og er ikkje Time kommune verdig som toppidrettsarena. Time Arbeidarparti meiner kommunen må vera med i arbeidet for å

utvikla Bryne stadion til ein meir moderne fotballarena. Dette er også god byutvikling.

Det er stor aktivitet innan song, musikk og teater i Time. Kor, korps og orkester slit med lite tilfredsstillande øvingslokale og for liten lagerkapasitet. Time Arbeidarparti vil arbeida for betre tilhøve for øvingslokale og lagerkapasitet for korps, orkester, kor og teatergrupper.

Kulturskulen i Time har stor pågang av elevar. Sambruk av undervisningsrom på Bryne skule er utfordrande og Time Arbeidarparti vil arbeida for at kulturskulen får større og meir tilrettelagde lokale. Time Arbeidarparti vil også vidareføra arbeidet med redusert betaling for låginntektsfamiliar slik at dårleg økonomi ikkje skal vera eit hinder for å bli elev på kulturskulen.

I tillegg til idrett, song, musikk og dans er det eit konglomerat av frivillige lag og organisasjonar i Time kommune som alle kvar på sin måte bidreg til at Time er ein god kommune å bu i. Time Arbeidarparti vil bidra til at alt frivillig arbeid vert satsa på og gjeve gode og likeverdige vilkår.

Time Arbeidarparti vil:

- Bidra til at kultur, idrett og anna frivillig arbeid vert satsa på, gjeve gode og likeverdige vilkår
- Arbeida for å auka driftstilskotet til frivillige lag og organisasjonar
- Arbeida for å auka driftstilskotet til private idrettsanlegg
- Arbeida for ny symjehall i perioden
- Arbeida for at kulturskulen får større og meir tilrettelagde lokale
- Arbeida for redusert betaling for låginntektsfamiliar på kulturskulen
- Arbeida for betre tilhøve for øvingslokale og lagerkapasitet for korps, orkester, kor og teatergrupper.
- Arbeida for å styrka det regionale kulturhuset for å kunna tilby fasilitetar for mindre og større konsertar, teaterframsyningar, øvingar etc.
- Nytta frivillige lag og organisasjonar som ein ressurs i nærmiljøet og folkehelsearbeidet
- Arbeida for samarbeid på tvers av kommunale og private institusjonar, lag og organisasjonar
- Bidra til at idretten er ein viktig faktor i integreringsarbeidet
- Arbeida for at fleire barn og ungdom er aktive i organisert idrett mellom anna gjennom støtteordningar til barn og unge frå lågtlønnsfamiliar
- Arbeida for ekstra tilskotsordningar til lag som legg til rette for grupper med særskilte behov
- Arbeida for at kommunale idrettsanlegg held ope i helgar og feriar
- Arbeida for ordningar for å låna eller leiga idretts- og friluftsutstyr
- Arbeida for meir økonomiske midlar til Frivillighets sentralen
- Arbeida for at ungdomsklubbar held eit mangfaldig miljø
- Arbeida for at uorganisert idrett får tilgang til kommunale og private anlegg
- Styrkja støtteordningar til kurs og opplæring av unge trenarar
- Arbeida for profileringstilskot til toppidrett både lag og enkeltutøvarar
- I samarbeid med Bryne FK arbeida for rehabilitering av Bryne stadion
- Arbeida for å få lagt kunstgras på grusbanen ved Bryne skule

Landbruk

Time har ei stolt historie som jordbrukskommune.

Arbeida for ein kommune der respekt, toleranse, sam- hald og inkludering er fram- tredande verdier

Med 56 000 slaktegris, 1500 avlspurker, 4360 mjølkekyr, 1200 ammekyr og 11 000 vinterfora sau, er Time ein av dei viktigaste kommunane i landet når det gjeld matproduksjon.

Kommunen er leiande på klekking av verpehøner. I 2021 vart det levert 5,8 millionar rugeegg. Kyllingprodusentar i kommunen leverte 1,3 millionar kylling til slakt i 2021.

Sjølv om det har vore nedbygging av landbruks- jord i Time, har landbruksarealet i drift likevel auka frå 79 803 da i 2018 til 82 161 da i 2021.

Time Arbeidarparti vil arbeida for at Time skal styrkja denne posisjonen som landbruks- kommune mellom anna ved å vera løysings- orienterte når det gjeld sal av landbruksjord til nabobruk. Time AP støttar også nytenkjande og nyskapande tiltak tilknytta jordbruk.

Time Arbeidarparti vil ha nytt nasjonalt jord- vernmål på 2000 da årleg som grunnlag for framtidige disponeringar. Ved gjennomgang av arealplanar vil Time AP vurdere om areal som er omdisponert frå LNF til bustad- og nærings- føremål kan tilbakeførast til LNF.

Time Arbeidarparti vil:

- Arbeida for eit landbruk som er berekraftig og klimavennleg, og som sikrar god dyre velferd, mattryggleik og sikker matforsyning.
- Ha nytt nasjonalt jordvernmål på 2000 da årleg som grunnlag for framtidige disponeringar.
- Leggja til rette for berekraftig verdiskaping i landbruket
- Arbeida for å behalda matfatet på Jæren
- Stimulera lokal matproduksjon og framsnakka jærsk landbruk og den jærsk identiteten
- Vera opne for at areal som er omdisponert frå LNF til næring- og bustadføremål kan tilbakeførast til LNF ved rullering av arealplanar
- Byggja innanfrå og ut i sentra i kommunen ved å fortetta og byggja i høgda.
- Støtta nyskapande og nytenkjande tiltak knytta til jordbruk
- Vera løysingsorienterte ved handsaming av jordbrukssaker til dømes ved sal av landbruks jord til nabobruk
- Arbeida for at kortreiste kvalitetsvarer vert prioriterte ved kommunale innkjøp
- Arbeida for at jordbruket i Time får styrka sitt gode omdømme
- Stimulera til at unge vel utdanning knytt til landbruksnæring

7.



Arbeida for å styrka dei lågaste trinna i omsorgstrappa for å kunne bu heime så lenge som mogleg

ANITA STOKDAL, 1963, FRIVILLIGKOORDINATOR

8.



Gi alle en verdig kvardag, i alle aldre og på tvers av livssyn og legning

TOR OVE ERSRAND, 1972, SALGPROSJEKT

9.



Arbeida for barns oppvekstvilkår

KRISTEL ELISABETH MAYALA, 1993, STUDENT

10.



Arbeid for alle

ODDBJØRN FOSSE, 1956, PENSJONIST

11.



Arbeida for at kulturskulen får større meir tilrettelagte lokaler

ANNE BRIT REE, 1955, PENSJONIST

13.



Bygging av fleire symjehaller

GERD RUSDAL, 1959, REKTOR

15.



Arbeida for tidleg innsats for barn og unge med spesielle behov og utfordringar

OLGA NESE, 1957, PENSJONIST

16.



Bidra til at kultur, idrett og anna frivillig arbeid vert satsa på, gjeve gode og likeverdige vilkår

OTTO SKURVE, 1960, INDUSTRIARBEIDAR


17.



Arbeida for at heiltidsstillingar skal vera regelen innan helse og velferd

ASTRI VOLL, 1960, HELSEARBEIDER

18.



BUKHARI RADEN, 1966, SJØLVSTENDIG NÆRINGSDRIVANDE

19.



Arbeida for ei betring av busstilbodet i kommunen - betre kollektivtransport - hent meg-ordning

MAGNE VIGGO HØYLAND, 1950, PENSJONIST

12.

PEDER RUSDAL, 1990, CNC OPERATØR

14.

EDIN MAMUD, 1967, PENSJONIST



karenhognestad@gmail.com

etfosse@online.no

time.arbeiderparti.no

[facebook/time arbeiderparti](https://facebook.com/timearbeiderparti)

[instagram/time arbeiderparti](https://instagram.com/timearbeiderparti)

Takk til fotograf Ingeborg Skrudland og
trykkeri Jærprint for bidrag til fint program!